

Opprør.

MEDLEMSBLAD FOR RØD VALGALLIANSE NR 2 1997



Antonia Samaniego er portrettert i dette nummer. Hun er medlem av RVs innvandererutvalg og KIM (Kontaktutvalget mellom innvandrere og norske myndigheter)

DETTE NUMMER

Intervju med den nye ledelsen om kvinnepolitikk

Hardangerkonferansen n 97

RVs Kvinnepolitikk

Abortkampen i Portugal

Kvinnegruppa ved Universitetet i Bergen

Seksualisert Vold

Marsj mot EU

8. Mars historier

8. Mars



tema:
kvinne-
politikk

Returadresse: Rød Valgallianse
Osterhaus gate 27, 0183 Oslo

A-BLAD

Opprør.

MEDLEMSBLAD FOR RØD VALGALLIANSE

Ansvarleg redaktør:
Trond Myklebust

Redaksjon:
Mai Gythfeldt, Marit Danielsen, Maj Lindholt og et par andre...

Adressa til Opprør:
Osterhausgate 27, 0183 Oslo.
Telefon 22 98 90 58
Telefaks 22 98 90 55

Raud Valallianse, Osterhausgate 27, 0183 Oslo
Telefon 22 98 90 50
Telefax 22 98 90 55

Bladbunad og ombryting: Trond Myklebust
Trykk: Oslo Avistrykkeri, Oslo

Velkommen til Opprør

I skrivende stund er det to uker siden Rød Valgallianse avholdt sitt landsmøte. Landsmøtet bar preg av entusiasme og tro på framtida, og i tråd med dette prøver vi å gi ut etusiastisk nummer av Opprør. 8.mars er den internasjonale kvinnetdagen, og forhåpentligvis en dag som RVere i hele landet finner mulighet til å feire og slåss på. Kvinneopprør er et resultat av samspill mellom den nye partiledelsen, Opprørredaktør og skissen av et nytt Kvinneutvalg. Gjennom å fokusere på den internasjonale kvinnekampen, særlig knytta til fagbevegelsen, og å peke på behovet for å målene i den interne kvinnekampen i RV håper vi å gi et skubb i retning av enda høyere kvinneprofil på arbeidet vårt fram til landsmøtet.

8.mars blei tatt opp som demonstrasjons- of feiringsdag i Norge på 70-tallet, da kvinnebevegelsen prega og forandra virkelighetsoppfatningen til folk her i landet. 8.marsbevegelsen var en del av en samfunns-gjennomtrengende bevegelse som tok opp kvinnefrigjøring, likestilling og interessekrav for kvinner. BH-bålene blei etterfulgt av pornobål, kriesenter, likestillingslover og arbeidstids- og lønnskrav. Kvinnefronten sto i spissen for denne bevegelsen som la grunnen for at unge jenter i dag hevder seg likestilt. desverre er ikke situasjonen så likestilt som den kan synes. Sjø om lovverket inneholder paragrafer som skal sikre kvinners retter, ser vi store skjevheter i såvel økonomisk som sosial forstand. Kvinne-undertrykkingen lever i beste velgående, i pornoen, på reklameboards, i næringslivet, på arbeidsplasser og i hodene til folk. Og som flere artikler i dette Opprør viser, er det ikke slik at frigjøringsbevegelsen for kvinnen er i frammarsj, tvert imot er offensiven i full gang for å kaste kvinner hjem til kjøkkenbenken.

I denne situasjonen trengs en sterk kvinnebevegelse mer enn noen sinne. Problemet er at denne bevegelsen for en del år tilbake splitta seg i to, Ottar og Kvinnefronten, og det ser ikke ut til at noen av greinene klarer å vitalisere seg til den gamle Kvinnefrontens høyder. Unge jenter (og gutter) opplever det mer og mer som et problem å forholde seg til konflikter som en selv aldri har vært en del av. Dette gir seg uttrykk på flere måter. Rød Ungdom ønsker å bygge en sjølstendig jentefront på tvers av motsetningene, andre holder sitt kvinnepolitiske arbeid innenfor partiorganisasjonen, eller enda verre, gjør ingenting. En kvinnebevegelse som står sammen er en betingelse for å slå tilbake angrepa fra makta - nå og i framtida. Ei slik samling er også en forutsetning om en skal klare å rekruttere nye jenter til kvinnepolitisk arbeid. Noe som trengs for å vinne fram med ei reell kvinnefrigjøring.

Dette nummeret av Opprør er ikke bare for internt bruk, men vil også bli delt ut i 8.marstog landet rundt. Vi ønsker å legge en aktivistisk profil på avisa vår, sånn at den kan være et aktivt redskap i bygginga av RV. dette nummeret har vært en hasteutgave, og vil nok ha isne skjønnehetsfeil. Vi tror likevel vi har et produkt som kan gi noen og enhver noe nytt å lese, og som kan brukes til å presentere oss for folk. Vi oppfordrer deg som lesar dette til fortest mulig å komme deg ut i tog, på fest eller hva det måtte være, både for å delta i kvinnekampen i 1997, og for å spre det glade og Opprørske budskap. Husk, makt er ikke noe man får, men noe man tar. Til lykke med 8.mars, søstre, kamerater.

Trond Myklebust

Vi må bli tøffare i kvinnekamp i

Det bles kvinnepolitiske vindar over RV-landsmøtet 97. Var det ein mild bris som for forbi - eller ein stri storm som vil bety motvind for einspora manne-menn i tida som kjem?

Og kva må til for at RV skal bli synleg og tydeleg som KVINNEPARTIET?

Vi har utfordra den nye leiaren og den kvinnepolitisk ansvarlege av dei to nest-leiarane til å gjera greie for sine tankar om RV som kvinneparti.

Marit Danielsen, nyvald nestleiar, har lang fartstid i Kvinnefronten og har markert tydeleg at det ho først og fremst vil jobba med i RV, er kvinnepolitikken, noko ho reknar med at mange vil vera med på. - Prosessen fram til landsmøtet synleggjorde at vi er fleire om dette, seier ho.

Kva for kvinnepolitiske saker vil vera viktigast for RV i 97?

- Det må vera arbeid og lønn, det samlast i kravet om 6-timarsdag med full lønnskompensasjon. Det må berre bli det. Marit er opprørt over kor lang tid det tar å komma vidare med eit så sentralt kvinnekrav.

- Det er tjue år sia LO-kongressen bestemte at 6-timarsdagen skulle "utredes", og enno snakkar vi om prøveprosjekt! Kor tålmodige skal vi vera?

Kva skal RV gjera med det?

- Det må bli ein del av valkampen. RV kan ikkje gjennomføra 6-timarsdagen, men vi må samla fleire om kravet. Kvinneørsla har gjort sin del av jobben, men vi har ikkje vunne mannfolka for kravet enno - dei snakkar framleis om 30 timars veke.

- 6-timarsdagen er ikkje berre ein arbeidstidsreform, det er eit grunnleggjande krav som handlar om kvinners rett til arbeid. Det er merkeleg at mannfolka i LO som fører kamp mot at folk skal selja arbeidskrafta si billeg, ikkje ser at kvinners deltidsarbeid og "fleksible" arbeidsvilkår også handlar om prisen på arbeidskrafta.

Men korleis komma vidare?

- Vi må setja ord på den skvisen kvinner er i, med ansvar for både lønnsarbeid og arbeid og omsorg i familien, politisera kvardagen. Vi må snakka høgt om det som blir opplevd som "privat".

- Noreg renn over av melk og honning, børs og bank. Likevel er vi ikkje nærare ein betre kvardag for kvinner enn vi var i 1977, seier Marit, og engasjementet lover godt for både valkamp, kvinnekamp og fagleg kamp.

Kva er kvinnepolitikaren si oppfatning av familien?

- Vi kjem ikkje unna at familien er ein arbeidsplass for kvinnene, og samstundes ein plass der menn får dekt sine behov. Kvinner må yta, og menn får nytta.

Kva vil du gjera med mennene i RV?

- Fagleg utval har invitert meg og eventuelt kvinneutvalet til å skolera dei i kvinnepolitikk. Utfordringa blir å få opp dei verkelege motsetnadene. Førebels synest eg det er altfor få menn som tør å slåss for kvinnekrava.

Korleis skal du unngå å bli eit kvinnepolitisk alibi i RV-leiinga?

- Trur det blir viktig at eg ikkje tar ansvar for alt som har med kvinnepolitikk å gjera. Eg må gi slepp på ting, slik at dei andre også får vera med på å utforma kvinnepolitikken.

Korleis vil du rekruttera kvinner til RV?

- Vi må bli meir offensive på kvinnekamp og klassekamp, tøffare på kvinnekamp i arbeidarklassen. Eg støttar meg på to-

spiss-teorien. Men vi må ikkje gløyma at vi må vera kvinneparti for dei damene som alt er i partiet.

Korleis få med fleire innvandrarkvinner?

- Eg trur vi må starta med dei kvinnene som er i jobb. Eigne kurs for innvandrarkvinner i fagrørsla er ein god ide, der har vi noko å bidra med. Elles har eg tru på samarbeid mellom både fagleg utval, innvandrartutvalet og kvinneutvalet.

Kva med den seksualiserte undertrykkinga?

- Dette har ikkje vore høgt prioritert i RV. Vi må diskutera og analysa kvifor det har vore slik. Det kan ha noko med at RV er temmeleg mannsdominert. Menn har kortsiktige fordelar



Marit Danielsen er nyvalgt nestleiar i Raud Valallianse og ynskjer å styra RV mot å bli eit kvinne- og arbeidartparti

FOTO: MERETE ROSENBERG

av å undertrykka kvinner, og det er veldig undervurdert kor mykje makta tener på splitting mellom kvinner og menn.

Korleis skal du feira 8.mars?

- Eg skal gå i tog, og så skal vi ha landsstyremøte i RV, der vi skal diskutera aktuell kvinnepolitikk.

Har RV nokon fordel framfor andre parti når det gjeld å bli eit verkeleg kvinneparti?

- Enda så mange reformar som har vore prøvd opp gjennom historia, så opplever kvinner framleis skvisen med lite fritid og lite egne pengar. Det handlar om organisering av samfunnet. Berre RV seier noko om at kvinnekrava krev eit nytt samfunn.

re på arbeidarklassen



Hva skjer 8. mars?

VADSØ

I Vadsø blir det 8. mars møte på Vadsø museum på formiddagen.

TROMSØ

I Tromsø blir det tog fra Stortorget kl. 14.00.

Om kvelden blir det kvinnefest, et samarbeid mellom Kvinnefronten og org. Verdens kvinner.

TRONDHEIM

I Trondheim blir det tog fra Ytre kongsgård kl. 14.00.

Åpen kafe fra 10.00.-18.00. i Suhm huset, bak Vitenskapsmuseet.

Fest om kvelden fra kl. 20.00. Veitas sene.

BERGEN

I Bergen blir det torgmøte kl. 13.00. på Torgalmeningen.

Tog avgang kl. 14.00.

Fest om kvelden fra kl. 19.00. Verftet.

STAVANGER

I Stavanger blir det tog fra Nytorget kl. 15.00.

Apell på Torget etter toget.

Fest om kvelden fra kl. 20.00. Cafe Sting.

HAMMERFEST

I Hammerfest blir det Torgmøte fra kl. 12.00.-14.00.

OSLO

I Oslo blir det tog fra Youngstorget kl. 15.30.

Familie program med Humorteateret på Det Åpne Teater kl. 13.00.

Fest på Det Åpne Teater kl. 19.00.

Den nyvalde leiaren er hverken kvinne eller arbeidar, men skal likevel styra partiet mot å bli et kvinne- og arbeidarparti. Mange sjår på dette som eit umogleg prosjekt, men Aslak er optimist. Han trur RV skal vekse seg stort.

Er du feminist?

- Ja. I den meininga at feministisk ideologi handlar om kvinnefrigjering i motsetning til ein likestillingsideologi. Og eg er for sær-eigen kvinneorganisering.

Kva blir viktigaste kvinnepolitiske sak for RV i 97?

- 6-timarsdagen. - Berre 6-timarsdag med full lønnskompensasjon kan tena til å forandra dei strukturane som held kvinner fast i økonomisk avhengigheit og dobbelt-arbeid. Det er eit krav som på sikt kan bidra til kvinnefrigjering.

Kvifor møter kravet om 6-timarsdagen motstand og/eller likesæle hos menn?

- Det finst heldigvis RV-menn som har reist kravet. Men eg trur somme menn føler det som eit trugsmål mot sin eigen yrkes-identitet. Så er det dei meir likesæle, det har aldri blitt definert som eit "mannskrav", og dei same mekanismene verkar i RV som elles i samfunnet.

Kva må til for å hindra at Marit blir eit kvinnepolitisk alibi for RV-leinga?

- Trur det er to grøfter vi kan falla i. Den eine er at Marit "tar kvinnepolitikken", og vi andre slepp. Den andre er at ho ikkje "får lov til" å driva med anna enn kvinne-politikk. For å unngå den første må vi ta den kvinnepolitiske debatten inn i dei styrande organa. Eg vil ikkje akseptera at Marit og kvinneutvalet skal leggja lina for kvinnepolitikken. Eg vil ha desse spørsmål i AU og landsstyret og gjera kvinne-politikken til RV sin eigedom. Samstundes må vi sørga for at kvinnepolitikken ikkje blir noko på sida av "den eigentlege RV-politikken". Det skal vi få til, folk er interesserte, seier ein optimistisk RV-leiar som kan fortelja at det han har mest erfaring med frå både EU-kamp og interessekamp på Universitetet er kvinne-politikk, og minner med same om at RV må sørga for å markera kampen for velferds-staten som ei kvinnepolitisk sak.

- For å unngå at Marit blir "berre kvinnepolitisk" er det også viktig å utvikla ein kollektiv arbeidsstil, slik at ho får frigjort kapasitet til å vera heilheitleg politisk. Det må vera reelt at ho som nestleiar kan fungera som RV-leiar når leiaren ikkje er til stades. Marit har dessutan ein styrke på det faglege som eg ikkje har - det kan bety eit sunt avhengighetsforhold.

Korleis skal fleire kvinner kunna gjera seg gjeldande i RV?

- Kjønnskulturen i RV er roten. RV er altfor mykje dei einsame heltane sitt parti, mannlege parlamentarikarar som jobbar åleine 14-16 timar i døgnet, mange av dei utan familieansvar. Slike menn lagar modellar for korleis det "skal" vera - og skremmer jentene vekk.

- Skal RV bli eit bra parti for kvinner, handlar det om våre politiske standpunkt, organiseringa av det kvinnepolitiske arbeidet og om kjønnskulturen i partiet. Det siste er kanskje den største utfordringa. På det

mest ekstreme kan det sjå ut til at vi har ei motsetning mellom akademiserande menn og arbeidarkvinner - dobbelt under-trykking av kvinnene også i partiet. Her kan vi læra mykje av RU, som t.d. har mange gode erfaringar med å laga gute- og jentesamlingar for å motarbeida dei verste herskertechnikane.

- RV må bli eit parti som bryr seg om folk, som har eit forhold til folks daglegliv. Det er lettare å rydda plass til den mannlege akademikaren i kvinnepartiet enn å rydda

drivi med, fører til at det blir betre.

Du er sjølv yngre enn mange RV-menn ...?
- Det kan vel ha sine fordelar. Kvinnerørsla gjorde store framsteg på 60- og 70-talet. Dette har forandra samfunnet og tenkinga, eg og min generasjon har fått gratis ein del av det som generasjonen før oss måtte få slått inn med slegge.

Kva skal RV gjera i forhold til inn-vandrarkvinnene?

- Det veit eg altfor lite om. Men det viktigaste må vel vera det anti-rasistiske arbeidet, gi plass for alle som ein integrert del av det norske samfunnet.

Kva med den seksualiserte undertrykkinga?

- Ottar og RU fører kampane på gata, Kvinnefronten har stått for skoleringa. Her trur eg RV må vera med på å føra kampane i front, verka samlande. Og så er det viktig å skolera medlemmene til å føra kamp mot den seksualiserte undertrykkinga. Mange fleire er prega av pornoen enn dei som les den. Hennes og Mauritz-reklamen og Dagbladet spreier pornoen sitt kvinne-bilete. Eg trur opinionskamp - å visa folk kva det handlar om - er vel så viktig som forbod.

Korleis skal du feira 8.mars?

- Eg skal gå i tog, vera på landsstyremøte, ha kvinnepolitisk presse-konferanse, og så håpar eg det blir 8.mars-fest om kvelden.

Magnhild Folkvord & Nina Kristiansen



Den nye leiaren i Raud Valallianse tek partikulturen på alvor, og vil tilrettelegga for at forhalda for kvinner skal bli betre.

FOTO: MERETE ROSENBERG

plass til den kvinnelege industriarbeidaren i eit mannleg akademikarparti.

- Eg har ein draum om at det skal bli mogleg å bruka medlemsmøta i RV til å rekruttera medlemmer, og at dei skal trivast. Våre diskusjonar må handla om politikk på ein slik måte at folk kjenner seg att. Vanlege folk må kunna vera leiande i partiet.

Kva vil du gjera med dei frustrerte mennene som blir redde når kvinner får makt?

- Kan vi ikkje få Jorun Gulbrandsen til å komma og snakka om Kari og Ronny? Eg har tru på at problematisering av eiga rolle vil hjelpa. Den grunnleggjande skoleringa som ml-mødrene, kvinnerørsla og RU har

Slå tilbake sex-industriens offensiv!

Idag rekrutteres det i høyt tempo til porno- og prostitusjonsindustrien. Fler og fler menn blir gjort til kunder og fler og fler kvinner til varer. Kapitalen har behov for å utvide markedet og å finne nye markeder, og kjønnsmarkedet er et område hvor du kan skape enorme profitter uten særlige investeringer og med svært billig arbeidskraft. Pornindustrien har satt inn sin offensiv for å få deg til å bli pornokjøper og horekunde.

Bordellene er en lettere vei inn i prostitusjon. Nye Lek er en enkel måte å komme inn i industrien på. All dagligvarepornoen reklamerer med kjappe penger hvis du stiller opp til noen "vakre bilder av nakenhet". Denne reklamen, sammen med fortellinger i Det Nye om "den lykkelige hora som er student og selger kroppen sin for å slippe studielån", gjør det til et mer lettvent, spiselig og tilgjengelig valg for desperate jenter å selge kroppen sin.

Tilbakeslag

I Norge har mange års pornokamp gjort det svært vanskelig å være åpent for porno. Det har vært vulgært, kvinneundertrykkende og umoralsk. Men dette er iferd med å forandre seg som et resultat av pornokapitalens offensiv. I 1997 har Dagbladet helsides farge-annonser for Nye Lek (som har blitt anmeldt for pedofili) og Aktuell Rapport (som Rød Ungdom aksjonerte mot ifjor fordi de hadde "Kom og voldta meg" på forsida). Statskanalen sendte nylig et ungdomsprogram, i beste sendetid, i serien "U-trip-pel", denne gangen om "3 Ekshibisjonister"; en pop-stjerne, en skuespiller og en stripper! Lille-søstra mi var på russekro i år og så gjørmebryting "For første gang i Norge!". Det Nye og Stimorol turnerer land og strand rundt med misse-show og moteoppvisning blanda med konserter og dans på lokalet. Du kan kjøpe russiske damer i campingvogn i Alta eller nøye deg med å ronke til en Pamela-plakat der du kjører på E18.

Kvinner er til for menn. Kvinner veit det og menn veit det, og daglig gjenskapes dette syke maktforholdet. Den kyniske utnyttinga av kvinnekroppen blir mer og mer dagligdags og trivelig. Intellektuelle 20-åringer og 40-åringer koser seg med Cupido, syns SM er litt frekt og det er mer og mer vanlig å mene at "folk må få gjøre som de vil". Hvis jentene vil selge kroppen sin - hvorfor skal jeg hindre dem? Hvis menn vil kjøpe sex - skal jeg ha rett til å si at det får du ikke lov til?

Salget av kvinnekroppen har aldri vært mer omfattende og mer akseptert enn i verden i dag - porno og prostitusjonsindustrien er verdens tredje største industri etter våpen og dop! Kvinner og barn selges i hver minste avkrok, fra Grønland til Finnmarksvidda, i Nepal og på Cuba. Millioner av utfattige, desperate kvinner og barn går til grunne i den djupeste fornødelse hvert år.

Bordeller

I Norge er det ikke så ille, sier mange. Vi har noen bordeller, javel, men der er det relativt ålreit å være - bedre enn på gata? Feil. Bordel-lene skaper flere gateprostituerte, ikke færre. De utslitte, narkomane som bordellene ikke vil ha lenger får ikke fallskjermer - de ender i Kongens gate. Og drivkraftene bak bordellene har aldri hatt som hensikt å gjøre forholda bedre for de prostituerte - bordellene er til for å bedre tilbudet til kunde-

ne. Det blir mer smittefritt og renslig, lett tilgjengelig og behagelig å kjøpe sex. I Oslo selges voldtekt for 5 millioner kr. i døgnet, 1,8 milliarder årlig (Økonomisk Rapport juli-93). Hver sjuende norske mann har hatt sex med prostituerte, i følge seksualvanerapporten fra 1993.

Sikkerhetsnett fjernes

Vi må regne med at salg av kvinnekroppen vil øke i åra framover. Med raseringa av velferdstøtten forsvinner store deler av kvinners sikkerhetsnett og arbeidsplasser. Så lenge makta i Norge følger den samme økonomiske politikken

tuere seg velger det mer enn de tvinges til det. Det er når dette sikkerhetsnettet nå blir fjerna og "seksual-liberalismen" (d.v.s. pornoideologien) skyller inn over oss at det virkelig kan bli tilstander også her i landet.

Det er ikke pessimistisk å forestille seg norske kvinner til salgs i campingvogner i Sibir. Det er logisk å spå "red light districts" i alle de store norske byene. Det er sannsynlig at mange flere kommer til å finne bilder av søstre og venner i pornobladene i Narvesenhyllene, og at flere av naboen får seg postordre-koner og drar på sex-turer til Øst-Europa og Asia.



Fra et av de mange pornobål kvinnebevegelsen har laget opp i gjennom tidene

ARKIVFOTO

som i EU er det begrensa hvor lenge Norge kan holde seg utafør utviklinga ellers i Europa. I EU er arbeidsløsheten på 20 millioner (og den øker), og kvinner står bakerst i arbeidskøen og har trygderettigheter vi i Norge får bakoversveis av. Avlivinga av distrikts-Norge fortsetter og kvinner og jenter flytter fra bygdene i hopetall - inn til byen der framtids-utsiktene ikke er særlig mye lysere.

Disse utviklingstrekkene er ekstremt farlige for kvinners økonomiske sjølstendighet - og det er nøkkelspørsmålet. Omfanget og utbredelsen av salg av kropp henger sjølsagt sammen med graden av økonomisk uavhengighet blant vanlige kvinner. Men det henger ikke bare sammen med penga. Det er i liten grad sånn i Norge at kvinner må prostituere seg eller bli pornomodell for å ha noe å leve av. Foreløpig finnes det til en viss grad et statlig sikkerhetsnett, og de som prosti-

Resultatet av denne utviklinga er ikke bare nedverdiggelse for kvinnene i sex-industrien, salg av kropp har gjennomgripende konsekvenser for livene og levekåra til alle kvinner og alle menn. For pornoen er ikke bare en vare, det er en ideologi. Porno er åpen propaganda for at kvinner er mindre verdt, at kvinner ikke egentlig er mennesker, at kvinner er til for å brukes - av menn. Så lenge dette kvinnesynet selges og forbrukes vil det legitimere at kvinner har lav lønn, at kvinner blir voldtatt og mishandla, at det ikke gjøres noe med at spiseforstyrrelser er den vanligste dødsårsaken blant unge jenter i Norge i dag (!) og at kvinner legger ned tusenvis av timer i året på gratisarbeid i hjemmene.

Sex-industrien spiller også en viktig rolle i å lenke menn i det arbeidende folket til klassefienden spesielt i tider da levekåra for menn også blir værre, sånn som nå. Kapitalen trenger sårt til av-

ledningsmanøvre og synd-ebukker når folk får det værre. Kvinneforakt eller rasisme, effekten er den samme. Gjennom den seksualiserte undertrykkinga, enten det er som horekunde eller voldtektsforbryter, kan menn føle seg store, de kan ta ut sine frustrasjoner på en som er enda lavere enn de sjøl føler seg. De sparker nedover, ikke oppover, og eierne gnir seg i fornøyde i hendene.

Et annet sentralt punkt er hva den seksualiserte kvinneundertrykkinga gjør med kvinners sjølbilde. Trakkaseringa, overgrepene og volden som de aller fleste kvinner merker i større eller mindre grad, og som de i hvertfall frykter, gjør at kvinner også ser på seg sjøl som annenrangs mennesker. "Skammen klistrer seg til ofrene". Overgrepene tar bort sjølrespekten og dermed også kampkrafta.

Kapitalismen er ganske lur: Gjennom kvinneundertrykkinga får den ene delen av folket til å holde den andre nede. Den seksualiserte volden er i sin funksjon menns fysiske kontroll over kvinner. Det er som med klassestaten - et voldsapparat er en nødvendig forutsetning for at undertrykkinga kan fortsette.

Utviklinga går altså i retning av mer kjønns-handel, en ytterligere splitta arbeiderklasse og en råere kvinneundertrykking. Men dette er bare en mulig utvikling. Den andre muligheten er at kampen mot salg av kropp blir organisert, intensiv og strategisk, og at vi gjennom kamp klarer slå tilbake pornoen og prostitusjonen.

Hva kan vi gjøre?

RV må ta opp og lage bråk om pornosalg, stripping, seksualisert reklame, mishandling, spiseforstyrrelser, voldtekt osv. i kommune-styrene, fylkestingene og på Stortinget. RV kan gjøre disse spørsmålene til samfunnsproblemer, ikke bare private anliggende. RV har også et spesielt ansvar for å reise kampen i fagbevegelsen, ikke bare i form av nedringing av pornobilder på arbeidsplassene, men gjennom anti-porno vedtak i foreninger både lokalt og sentralt, innlegg i medlemsbladene osv.

For RV bør et viktig redskap i kampen være Aksjon Mot Salg Av Kropp, som organiserer aktivister av begge kjønn til kamp mot alle former for seksualisert undertrykking. AMSAK finnes mange plasser rundt om i landet og kan startes på mange fler. Det er stort behov for en samling av motstanden, og i dag er det AMSAK som best fyller den oppgaven.

Mot pornokapitalens offensiv må vi sette inn en motoffensiv! Kampen må handle om kvinners økonomiske sjølstendighet, enhet i arbeiderklassen på det undertrykte kjønnets premisser, å styrke kvinners sjølbilde og kampkraft, og å oppnå verdigere, tryggere liv også under kapitalismen.

For mer informasjon om AMSAK, kontakt Hege Bae Nyholt, telf.: 73 50 52 88

Marte Michelet

Europeisk marsj mot EU-politikk

21.-22. februar samla over 600 menneske frå heile Vest-Europa seg for å planleggja ein all-europeisk protestmarsj mot EUs regjerings-konferanse og fylgjene av EUs økonomiske politikk.

Kapitalen, høgrekraftene og leiarane av sosialdemokratiet har forlenget organisert seg på europeisk nivå. EU har vorte det viktigaste kjerøyet for politikken til eigarklassen og høgresida, til dømes gjennom konvergenskrava til den økonomiske unionen, som tvinger fram kutt i offentlege budsjett i heile Vest-Europa. Det har ikkje vore fritt for motstand, korkje i nei-landet Noreg, tja-landet Danmark, streikelandet Frankrike eller andre stadar, men motstanden har ikkje klart å organisera seg på europeisk nivå.

Dette er i ferd med å endra seg. 21.-22. februar var over 600 menneske samla i Brussel for å planleggja ein "Europeisk Marsj mot arbeidsløse, usikre arbeidstilhøve og sosial utstøytning". Langs 11 ulike ruter skal folk frå heile Europa marsjera mot Amsterdam, kor marsjen er tenkt avslutta med 50 000 folk i demonstrasjonstog under regjeringskonferansen 14. juni. I fylgje arrangørane var over halvta av dei 600 som samla seg i Brussel i helga sjølv arbeidslause. Elles var forsamlinga prega av radikale fagforeningsfolk og alle slags sosialistar, og dei kom frå alle EU-landa, pluss Noreg og Egypt.

Ideen til den europeiske anti-Maastricht-marsjen oppstod etter at den franske organisasjonen Mouvement National des Chomeurs et Precaires (marsj for arbeidslause og folk utan fast arbeid) hadde organisert ein marsj frå fem ulike delar av Frankrike og avsluttande demonstrasjon med over 20 000 folk i Paris, i juni 1994.

-Ei dame frå Irland sa mest på spøk at vi lyt gjera dette på europeisk nivå, og den ideen tok vi på alvor. Vi tok kontakt med fagrørsla og organisasjonar for arbeidslause i andre europeiske land, og hadde den fyrste samlinga (Florence) i juni 1995. Etter det har vi hatt eit europeisk koordineringsmøte og bygd større nettverk fram til vi no samla over 600 folk i Brussel,

fortel Jean Dessesard frå Mouvement National des Chomeurs et Precaires

Konferansen i helga dreiv ikkje berre med praktisk planleggjing av marsjen mot regjeringskonferansen i Amsterdam. Det var seminar og ordskifte om arbeidsløse, fleksibilisering, boligproblem, forsvar for velferdsstaten, asylrettar og rasisme, pengeunionen, særleg kvinnokrav med meir. Serleg vart det lagt vekt på samanhengen mellom arbeidsløysa og åtak på faglege rettтар.

-For å nå målet om meir fleksibel arbeidskraft og ein deregulert arbeidsmarknad tek regjeringane i bruk verkemiddel andsynes dei arbeidslause. Innstramming i trygdeordningane og overgang til såkalla aktive tiltak pressar arbeidslause til å godta alle slags elendige arbeidskontraktar, og gjer dei til nett slik fleksibel bruk-og-kast-arbeidskraft som eigarane ynskjer seg. I neste omgang verkar denne utviklinga inn på fagrørsla si evne til å kjempa for ordna arbeidstilhøve og mot kortidskontraktar, seier økonom og sosiolog Anne Gray til Klassekampen. Det var brei semje mellom deltakarane om at fagrørsla må gjera ein større innsats for å organisera dei arbeidslause.

Startskotet for den europeiske marsjen går 14. april, altså to månader før regjeringskonferansen i Amsterdam. Fram mot 14. juni vil det bli skipa protestmarkeringar både langs marsjrutene og andre stadar i Europa. Og ingen av dei over 600 deltagarane hadde tenkt at kampanjen mot arbeidsløysa skal avsluttast ved demonstrasjonstog i Amsterdam.

-Vi skal byggja ei kraft som ikkje stoppar den 14. juni. Vi skal bera fram røysta til dei som ikkje blir høyrde i dag; dei arbeidslause, dei utstøtte, arbeidarane som er skremde til tystnad av den høge arbeidsløysa. Vi skal avskaffa arbeidsløysa og ta makta frå dei som profitterer på ho, var avslutningsord frå ordstyrerbordet.

Magnus Engen Marsdal

Kvinnekrav i den europeiske fagbevegelsen

Eit av seminara under førebuingsskonferansen til den europeiske marsjen mot arbeidsløse handla om "særskilte kvinnekrav". Ei fransk kvinne heldt innleiing om situasjonen for kvinner i arbeidslivet og i arbeidsløyskøa, i Frankrike og Vest-Europa. Folk frå ei rekkje europeiske land, stort sett kvinner, tok del i ordskiftet, og her fylgjer eit slags referat frå det som vart sagt.

Dei siste 30 år har stadig fleire kvinner kome ut i løna arbeid. I fylgje innleiaren sank talet på mannlege tilsette i Europa frå 83 til 81 millionar mellom 1965 og 1992. Talet på kvinnelege tilsette auka frå 40 til 54 millionar. Det er serleg innan tertiærnæringsane at veksten i kvinnearbeidsplassar har kome, og mange av desse arbeidsplassane er prega av deltid, usikre arbeidsvilkår og dårleg arbeidsmiljø.

Arbeidsmønster

I Frankrike køyrast no ein ideologisk offensiv for deltidsarbeid som ei løysing på arbeidsløysa. Deltid har tidlegare vore lite brukt i Frankrike,

men no er dette i endring og ein freister etterlikna tilhøva i Storbritannia og Nederland, kor dette er langt meir utbreidd.

Vest-Europeiske kvinner sitt arbeidsmønster kan delast inn i tre grupper.

I Irland, Italia, Hellas, Spania og Luxemburg er det vanleg å ikkje ha jobb etter at du har gifta deg

I Storbritannia, Tyskland og Nederland er det vanleg å ha eit avbrekk frå tidleg i tjuetåra og fram til ungane er blitt vaksne, altså når du er i 40-åra


I Skandinavia, Portugal og Frankrike er det vanleg å vera dobbeltarbeidande heile tida, altså lønsarbeid og arbeidet i familien.

Arbeidsløse

Kvinner i Vest-Europa har prosentvis ei høgare arbeidsløse enn menn, 11,8 prosent mot 8,7 prosent. Eit klårt unnatak er Storbritannia, kor den mannlege arbeidsløysa er 7,8 prosent og den kvinnelege 11,4.

I Belgia, Tysland, Hellas, Irland og Italia ligg kvinnes arbeidsløse mellom 10 og 16 prosent, i Spania er talet 31, 4 prosent. Mellom unge kvinner, under 25 år, er tala langt verre. Over ein tredel i denne gruppa er arbeidslause i Hellas og Italia, medan talet for Spania er 55 prosent. Arbeidslause kvinner har lågare trygd enn menn, grunna lågare arbeidsinntekt.

Kortidskontraktar er på kraftig frammarsj i



Frankrike. Dei siste åra har kontraktar som varer under ein måned hatt ein auke på over 40 prosent, medan kontraktar på meir enn seks månader har gått attende med åtte prosent. 88 prosent av dei som arbeider deltid i Frankrike er kvinner, i dei vest-europeiske landa varierer dette talet frå 76 til 95 prosent.

Velferd og løn

Slike tal og statistikkar danna grunnlaget for eit ordskifte om kva særleg kvinnekrav som må stillast i kampen mot arbeidsløse og usikre arbeidstilhøve. Kravet om likeløn og heving av kvinneløna blir sett på som eit heilt sentralt krav for arbeidslause kvinner òg, sidan det er løna som danner grunnlaget for trygda. Utbygging av velferdsordningar stod heilt sentralt i ordskiftet, både fordi dette vil skapa kvinnearbeidsplassar og av di offentleg omsorg for barn og gamlingar er ein forutsetnad for at kvinner skal kunna gå ut i løna arbeid på lik line med menn.

Arbeidstid

Reduksjon av arbeidstida er òg mykje diskutert, både som kvinnekrav og som klassekrav. Det verkar likevel som om debatten står ganske ulikt den norske, i dei fleste europeiske land. Ein ting er at kravet om redusert arbeidstid berre sekundært vurderast som noko særskilt kvinnekrav. Dette er særleg tydeleg gjennom at INGEN av deltakarane på konferansen snakka om redusert

dagleg arbeidstid, eller 6-timars arbeidsdag. Det er stort sett redusert arbeidsveke som blir diskutert, og av nokre til og med redusert årleg arbeidstid. Synet på 6-timarsdagen som eit naudsynt krav for å betra kvinner sin livssituasjon, av di situasjonen med dobbeltarbeid gjer at den daglege arbeidstida lyt reduserast for at arbeidslivet skal bli meir tilpassa kvinner, er lite utbreidd.

For det andre er dei færreste så offensive at det er snakk om å krevja nokon 6-timars dag. 35 timars arbeidsveke er eit meir utbreidd krav. Prinsippet om at det skal vera full lønskompensasjon står derimot sterkt, ingen verka å vera innstilt på å "dela arbeid" på kapitalen sine premisser; med redusert løn. Ei påpeiking som mange av dei europeiske kvinnene kom med var at krav om redusert arbeidstid alltid må kombinert med krav om utbygging av offentlege tenester. Ei dame sa det slik:

-Eg er på ingen måte interessert i å få redusert mengden løna arbeid berre for å få meir uløna arbeid i familien. Vi må ikkje godta ein arbeidstidsreform ovanfrå som smir ei endå sterkare lenkje til kjøkkenbenken for oss.

Magnus Engen Marsdal

Et mannsdominert - et kvinneparti

RV ARBEIDER FOR:

-Å få bort massasjeinstitutter og topplausbarar.

-Atten måneders svangerskapspermisjon med full løn og opptening av feriepenger og pensjonspeng. faren må få sjølvstendig rett til opptening av fødselspengar.

-Å fjerne daglegvarepornografien

-Statleg stønad til krisesentra

-At kvinneløna skal kome opp på same nivå som løna i mannsdominerte yrke. På den måten vert det lettare for kvinner å forsørgje seg sjølve. Økonomiske argument for for ulik arbeidsdeling i heimen vil dermed falla bort. Det er ikkje lenger "naturleg" kven det er som er hovudforsørgjaren.

-At kvinnekrimineringar og reglar for opparbeiding av pensjon og trygderettar vert endra.

-Eit forsvar av dagens abortlov

Vi ønsker med denne innledinga og beskrive de faktiske forholdene i dagens samfunn og streke opp hvordan dette utfordrer RV som parti.

Vi påstår at kvinneundertrykkinga i samfunnet skjerpes. I kvinnebevegelsen har vi ofte sagt at den økonomiske situasjonen til enslige mødre gjenspeiler hvordan samfunnet verdsetter kvinner. Ser vi på statistikken som viser inntekt per forbruksenhet, viser den tydelig at enslige forsørgere med barn har havnet helt på bunn! For 1994 er tallet 85 844. Selv enslige mellom 65 og 85 år har høyere disponibel inntekt enn enslige forsørgere. Slik var det ikke for 10 år siden. Så kvinners mulighet til å klare seg økonomisk sjølvstendig har gått sterkt tilbake i regjeringa Harlem Brundtlands tid.

Kvinner, lønn og arbeidstid.

Kvinner tjener idag 57% av menns lønnsinntekt. Lønnsforskjellen alene er ca. 80%, resten er grunna av at kvinner snor arbeidet rundt familien, dvs jobber deltid. Kvinnelønn må derfor sees i sammenheng med arbeidstid.

Kjønnskontrakten.

Vi har en arbeidsdeling i samfunnet som bygger på at kvinner har hovedansvar for hjemmet, og mannen for å forsørge familien ved lønnsarbeid. Denne kjønnskontrakten ligger i bunn av samfunnet vårt. At mange kvinner har gått ut i arbeid siden 70-tallet, har ikke endra på dette forholdet. Samfunnet har heller ikke organisert arbeidslivet slik at det passer for kvinner med f.eks. barn. Dette har kvinner måttet gjøre sjøl. Vi organiserer barnepass og dagene våre slik at vi klarer både jobben hjemme og ute. Skvisen damer kommer i pga alt dobbeltarbeidet, løses i større og større grad privat: Isteden for kortere daglig arbeidstid, jobber svært mange kvinner deltid eller får seg privat hushjelp.

Velferdsstaten.

Kvinner er også avhengig av et velferds-samfunn i større grad enn menn. For hvem er det som tar gratis-arbeidet hvis ikke det offentlige gjør det?

Derfor er angrepene på velferdsstaten så dramatiske for kvinner. Det er viktig her å si at mange av de tjenestene som nå privatiseres eller forsvinner, i utgangspunktet kunne ha vært bedre.

Skulle samfunnet vært organisert også for kvinner i arbeidslivet, burde vi ihvertfall ha hatt en sterk offentlig sektor, full barnehagedekning og gratis barnehager, ei arbeidstid å leve med og ei lønn å leve av.

Politisk deltagelse.

Dette er viktig også i forhold til kvinners mulighet til å delta i det politiske livet. Det er ikke mange småbarnsmødre i ledende posisjoner i samfunnet. Dobbelt/ trippelt arbeidet spiser opp kreftene våre. Dette blir fremstilt som individuelle valg under parola "Prioritere barna mens de er små". Hvis vi da prioriterer barna, og er lenge borte fra jobben, kan jobben være borte når du kommer tilbake. Eller du kan se langt etter å bli prioritert når det er snakk om etter- og videre utdanning. Det samme kan skje hvis du såkalt "velger" å jobbe deltid.

Sammenheng i politikken.

Hvor sterke er vi på å få fram helheten og sammenhengen på disse sakene? Mange av oss står

overfor barnehagedlegginger. Vi ser hvordan barnehage-prisene skyter i været. Regjeringas 6-årsreform som betyr at mange av oss må betale for skolen. Hvordan knytter vi dette til kampen mot den seksualiserte undertrykkinga. En kamp som vi må føre både på samfunns- og individnivå.

Kvinner er jo salgsvare. Både rent fysisk i pros-

Fleksibilitet.

Resultatet dersom LO vinner fram, noe som gjerne kan skje, er at vi kan få arbeids-tidsordninger som diskriminerer kvinner i enda sterkere grad. Fleksibilitet vil bety at ingenting lengre er unormalt, slik at tilleggene for ubekvem arbeidstid også vil forsvinne.



Kvinnbevegelsen må samles og mobilisere massene.

ARKIVFOTO

titusjonen og i pornoen, men også i media generelt. Media forsterker kvinners underordna stilling i samfunnet, ofte gjennom spekulative oppslag. Men ser vi på kvinners innsats med klærne på, er det ofte usynliggjort.

Hvor står kampene i dag ?

Mange kvinner har reist seg. Vi har opplevd en økende kvinnebevissthet f.eks. i fagbevegelsen, kanskje spesielt i de typiske kvinnefagforbunda. Samtidig opplever vi at kvinnekraftene våre enten blir kjønnsnøytralisert eller privatisert.

Kjønnsdelt arbeidsmarked.

For oss handler kvinneløna om at kvinner generelt er mindre verdsatt enn menn. I forrige lønnsoppgjør ble forbunda kjøpt med en total høy - alt er jo relativt - fellespott som skulle deles ut lokalt. Det bygger på en ide om at urettferdige lønnsforskjeller fins på den enkelte bedrift eller institusjon. Sånn er det jo ikke. Mye av forskjellene ligger nettopp i det kjønnsdelte arbeidsmarkedet. Dermed vil sjelden slike tiltak virke positive totalt for å heve kvinneløna. Erfaringene fra forrige oppgjør tyder på at dette ble mer ledertillegg enn heving av kvinnelønn.

6 timers dagen.

Kravet om 6-timers normalarbeidsdag med full lønnskompensasjon har fått ny vind i seila. LO møter dette med masse snakk om deling av arbeid og arbeidstidsordninger som passer i den livsfasen du er i. 6-timersdagen er bare for småbarnsforeldre. Igjen en kjønnsnøytraliserende. Men LO er ikke aleine, deler av SV er aktive støttespillere.

Det er heller vi som har problemet med å stå forholdsvis aleine i det partipolitiske landskapet om fortsatt å forsvare kvinnekraftene. Men også mange av våre egne menn snakker om mer fleksible løsninger, f.eks. 30 timers uke på 4 dager.

Likestillings avtaler.

Ved forrige tariffoppgjør ble en av hovedsakene for LO likestillingsavtaler på den enkelte bedrift. Slik kan vi få muligheten til å bruke aggresjonen vår over urettferdigheta til å "dille" med lokale saker og papirer. Kanskje kan vi til og med vise til et eller annet bra resultat lokalt. Men hovedsida er at dette er en god avlednings-manøver fra manns-samfunnet.

Kunnskap og teori.

Det kreves enormt mye fra damene når det gjelder kunnskap, teori og å snakke sammen for å kunne stå sammen mot alle disse avledningsmanøvrene og privatiserende tiltakene som makta kommer med. Kvinner på tvers har de siste åra blitt organisert med suksess. Dette er kjempeflott og må følges opp. Men kvinner på tvers har også sine begrensninger. Det er et uformelt forum for kvinner for å kunne samle seg i kampen i fagbevegelsen.

Et annet samfunn.

Vi går mye lenger. Vi slåss ikke bare for reformer som er bra for damer. Vi vil ha et annet samfunn. Samtidig er det sånn at de erfaringene kvinner i denne bevegelsen gjør, denne kunnskapen de etterhvert får, kan bli sprengstoff og helt avgjørende i kampen for et annet samfunn. Derfor må vi være der. Derfor må vi hele tida analysere, studere, synliggjøre, diskutere med damene for å utvikle dette opprøret. Vi må være istand til å ta initiativ, til å gå i spiss. Er vi det i dag? Programmet vårt er forholdsvis bra på kvinne-perspektivet. Det er sikkert mye som kan gjøres med det også, men andre ting er langt viktigere.

rt parti i dag i morgen?

Kvinnepolitisk erklæring 95.

Det er fristende å sitere noe fra den kvinne-politiske erklæringa som ble vedtatt på forrige landsmøtet "Fra festtaler til handling". Den startet slik:

"Et revolusjonært parti som arbeider for et sosialistisk samfunn og full kvinnefrigjøring kan ikke sette bort all type politikk som kan få stempelet kvinne til noen som er ansvarlig for dette området og tro at det blir kvinnefrigjøring og bra politikk ut av det.

I et revolusjonært parti må kvinne-espørsmål og kvinnevinkling være noe som også er integrert i helheten, i alle politiske saker. Det må være viktig både for "faglig gutta" og for "bordellaskjonistene" å utvikle feministisk teori og politisk praksis som kan drive kvinnefrigjøring fram.

Dette innebærer at bl.a. velferdsstaten, sekstimersdagen, kvinnelønn og seksualisert undertrykking er "mannesak" såvel som "kvinnesak" og dermed er hovedoppgaver for hele partiet.

For at RV skal være et kvinneparti gjenstår det mye både organisatorisk, ressursmessig og politisk."

Kvinneutvalg.

Det gamle kvinneutvalget fikk til en del. Vi våger den påstanden - kanskje syns noen den er litt drøy - at vi verken hadde hatt samordningsgruppa for 6-timersdagen eller Aleneforsørgere mot velferdsmeldinga idag, hadde det ikke vært for det gamle kvinneutvalget.

Kvinnekonferanse.

Det var nemlig kvinneutvalget som trakk opp 6-timersdagen på RV's kvinnekonferanse som var en voldsom inspirasjon og fungerte veldig mobiliserende for mange av damene i RV. Dette førte til at stortingsgruppa inviterte til et lite møte med folk fra faglig utvalg, kvinneutvalget og fagbevegelsen. Seinare ble det flere seminarer. Faktisk lærte dette første møtet oss mye om mulighetene RV kunne ha på stortinget i forhold til å få folk til å komme til våre arrangementer. Det første eneforsørgerseminaret var i hovedsak etter initiativ fra kvinneutvalget og i samarbeid med enkelte i stortingsgruppa. Etter at utvalget ble nedlagt, fortsatte stortingsgruppa likevel

dette arbeidet.

Vi syns dette er en viktig påminning om hva vi kan få til. Dette forteller oss hvor viktig det er at damene i RV samles.

Kvinner i RV.

Vi kommer ikke utenom å spørre åssen det er å være kvinne i RV. Med den debatten gutta fører på KK-forum, er det ikke særlig fristende å stik-



Kvinner er overrepresentert i lavtlønnsyrker

ARKIVFOTO

ke hue fram. Blir noen gang kvinner bra nok, innenfor dette samfunnet?

Kjønnskontrakten som gjør oss annenrangs, ideologien i samfunnet og fra media om hvordan vi

skal se ut, hvordan vi skal oppdra barna våre, hvordan vi skal pynte hjemme, hva vi bør få med oss på TV'en, hvordan vi skal bli flinkest mulig på jobben og ikke minst bli flinke til alt på en gang, preger selvfølgelig oss også. RV kan aldri bli noe fri sted fra samfunnet, men vi tror at forholdene for kvinner i partiet kan og må bli bedre.

Videre arbeid.

Dette må være et utgangspunkt når vi skal få damer til å jobbe sammen i partiet. Vi damer har behov for å drive politisk arbeid sammen som gir oss overskudd og styrke. Vi må få til en kollektiv arbeidsstil som gjør det mulig for mange kvinner å ta på seg oppgaver i partiet, samtidig som vi skal ha tid til å leve ut mange andre sider av oss sjøl. Vi må finne smidige løsninger som passer damer. Vi må ha møtestil og type verksted som fungerer. Ikke ensomt nattarbeid på PC.

Vår målsetting må være at vi i den neste toårsperioden kommer videre på disse utfordringene. Kvinne nettverk, kvinneutvalg, kvinnekonferanser lokalt og sentralt er noen stikk-ord. Kontakt og debatt via internett er en ide.

Utfordring.

Som en avslutning har vi lyst til å komme med noen utfordringer til hele partiet, for menn må også ta sin del av ansvaret her, at vi må finne svar på følgende:

- Hvilke konkrete mål skal vi sette oss på kort og lang sikt, i valgkampen og i LM perioden?
- Hvordan reise kvinnebevisstheten i hele partiet?
- RV er et mannsdominert parti idag. Skal vi bli et kvinne parti imorgen?

Mai Gythfeldt og Marit F. Danielsen.

RVs kvinneutvalg

I dokumentet "Veien videre" som ble vedtatt på RV's landsmøte slår vi bl.a. fast følgende

- RV skal være et kvinne- og arbeiderparti.
- Kampen for 6-timers normalarbeidsdag med full lønnskompensasjon og heving av kvinnelønna er en av fire prioriterte områder i valgkampen.
- Vi skal videreføre fronten som er på gang mot privatisering.
- Vi skal gjenreise og styrke det særegne kvinnearbeidet.
- Arbeide for å forene hele arbeiderklassen på tvers av kjønn, nasjonalitet, sektor og bransje.
- Utvikle kvinne-nettverk.
- Styrke RV's arbeid med særegne kvinnesaker.
- Reorganisere kvinneutvalget.

For å ta det siste først. Det er et ønske fra mange damer i partiet om å etablere et sentralt kvinneutvalg. Det har også høy prioritet i ledelsen.

Men et kvinneutvalg alene kan ikke ta ansvaret for alt dette. Det er heller ikke meningen. Det har blitt sagt før og jeg sier det igjen: Hele RV må ta det som en stor utfordring å bli et kvinneparti. Ambisjonene til et kvinneutvalg nå må være å oppsummere hvor vi står, samordne det arbeidet som gjøres og bygge et nettverk mellom kvinnene i partiet. På lengre sikt må vi utvikle linjene i den daglige politikken. Vi trenger også å diskutere ideologi. Feminisme og marxisme må på dagsorden. Derfor ønsker jeg at vi kan få til en kvinne-studiesirkel på dette. Du er herved invitert til å bli med på dette prosjektet. Noen har allerede sagt ja til å være med i et Kvinneutvalg og det er plass til flere. Utvalget møtes i Oslo, ca. en gang i mnd.. Nettverks bygging blir jobb nr.1. Jeg tenker meg kontakter i alle lag og distrikter.

